

Interpellasjon frå Lindås senterparti

Kommunestyremøtet 21.05.2015

Ordførar.

Interpellasjonen gjeld eit areal på gbr,!88/5 Gjervik ytre, like ved E39. Dette arealet ligg etter kommunen sin arealplan i eit LNF-område. Tidlegare eigar fekk løyve til mellombels bruk av arealet som lagringsplass for stein- og fyllmassar på det vilkåret at arealet vart tilbakeført til jordbruksareal innan 01.03.2012. Viser til sak 89/ 10 og 147/11 i plan og miljø-utvalet. Tilbakeføring er ikkje skjedd, og arealet ligg som eit sår i kulturlandskapet. Arealet er selt vidare og det vart søkt om å få setja opp ein lagerhall. Plan- og miljøutvalet gav i Sak 131/13 dispensasjon til å setja opp ein mellombels hall på visse vilkår. Løyvet vart gitt delegert sak datert 29.10.2013 med ytterlegare vilkår. Eitt av vilkåra er at hallen skal fjernast og arealet tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015.

Oppfølging av vilkåra har vore etterspurt av naboar. Det går ikkje fram av postlistene at bruksløyve er sendt til tiltakshavar. Frå postlistene finn ein at tiltakshavar har søkt om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring. For eitt år sidan opplyste kommunen at saka var i prosess.

På bakgrunn av dette ber Senterpartiet om ei utgreiing om prosessen omkring dette arealet og lagerhallen. Vi ønskjer m.a. svar på følgjande spørsmål:

- Når vart ferdigattest, evt. mellombels bruksløyve gjeve? Jf. pkt 8 i delegert løyvebrev.
- I vedtak av landbrukssjefen av 7.10.2013 vert det sett som vilkår at det skal vera ein plan for tilbakeføring til jordbruksareal for arealet utanom hallen. Denne skal vera godkjend før hallen vert sett opp.

Når vart denne planen godkjend?

Korleis er denne planen følgd opp?

- Kva har kommunen svara tiltakshavar på spørsmålet om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring til jordbruksareal?
- Kva vert gjort for å sikra gjennomføring av vilkår nr. 7 i løyvet, som seier at hallen skal vera fjerna og heile tomta skal tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015?

For Lindås senterparti

Ingeborg Askeland